

Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket

2020

Oslo, 17.03.2021

Innhold

INNLEIING	3
POLITISKE RAMMER FOR MIDLAR TIL INVESTERING OG BEDRIFTSUTVIKLING I LANDBRUKET (IBU-MIDLANE)	3
REGIONALE BYGDEUTVIKLINGSPROGRAM.....	3
FORMÅLET MED IBU-MIDLANE	3
RAPPORTERINGSOPPLEGG	3
IBU-MIDLAR.....	4
RAMMER OG LØYVINGAR	4
TALL SØKNADER, INNVILGA OG AVSLAG	5
RESULTATMÅL	6
RESULTATMÅL 1 – SIKRE/AUKE SYSSELSETTINGA, SÆRLEG FOR KVINNER	6
RESULTATMÅL 2 – BIDRA TIL NYSKAPING, MARKNADSORIENTERING OG SYNERGIAR	10
RESULTATMÅL 3 – BIDRA TIL EFFEKTIVISERING AV DET TRADISJONELLE LANDBRUKET	11
RESULTATMÅL 4 – BIDRA TIL SYSSELSETTING I NÆRINGSSVAKE OMRÅDE	16
TILTAKSGRUPPER.....	17
TILTAKSGRUPPER I STATISTIKKSYSTEMET TIL INNOVASJON NOREG.....	17
RAPPORTERING AV UTBETALING OG ANSVAR	18

Innleiing

Politiske rammer for Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane)

Landbruks- og matdepartementet la i desember 2016 fram Stortingsmelding nr. 11 (2016 – 2017) «*Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon*». Meldinga trekkjer opp ambisjonane til regjeringa for utviklinga av landbruks- og matpolitikken. Vidare la Landbruks- og matdepartementet i juni 2015 fram Stortingsmelding nr. 31 (2014-2015) «*Garden som ressurs – marknaden som mål. Vekst og gründerskap innan landbruksbaserte næringar*».

IBU-midlane er det viktigaste økonomiske verkemiddelet til Landbruks- og matdepartementet for å nå målet om næringsutvikling i - og i tilknytning til landbruket.

Regionale bygdeutviklingsprogram

Ordninga med regionale strategiar for næringsutvikling er vidareført og inngår i regionale bygdeutviklingsprogram som er samansett av

- Regionale næringsprogram (RNP)
- Regionale miljøprogram (RMP)
- Regionalt skog- og klimaprogram (RSK)

Regionale bygdeutviklingsprogram inneber at ulike program vert sett i tettare samanheng, her under også god kopling mot fylkesplanar og strategiar for bruk av dei regionalpolitiske verkemidlane. Plandokumenta vert utarbeida av den regionale partnerskapen som er sett saman av fylkeskommunen (leiar frå 2020), næringsorganisasjonane i landbruket, fylkesmannen, Innovasjon Noreg mfl.

Formålet med IBU-midlane

«Formålet med midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket er å legge til rette for langsiktig og lønnsom verdiskaping, samt bidra til sysselsetting, bosetting og et variert landbruk i alle deler av landet med utgangspunkt i landbrukets ressurser generelt og landbrukseiendommen spesielt.»

IBU-midlane er landsdekkjande og inkluderer tilskott til etablering av ny verksemd (etablerartilskott), tilskott til bedriftsutvikling, tilskott til investeringar i produksjonsanlegg, tilskott til gjødsellager, tilskott til investeringar i frukt- og bær dyrking og tilskott til investeringar i samband med generasjonsskifte.

Rapporteringsopplegg

Denne årsrapporten tek for seg bruken av IBU-midlane i 2020 hos regionkontora til Innovasjon Noreg. For meir informasjon om bruken av IBU-midlane i 2020 forhold til strategiane i det enkelte fylket for landbruksbasert næringsutvikling, viser ein til årsrapporten for 2020 frå fylkeskommunane til Landbruks- og matdepartementet.

IBU-midlar

Rammer og løyvingar

2020 vart eit spesielt år også for landbruket på grunn av koronasituasjonen. Særleg grøntprodusentar og lokalmatprodusentar med HoReCa som viktigaste marknad har hatt utfordringar.

For verkeområdet til «Midler for investering og bedriftsutvikling i landbruket» har ein derimot merka mindre effekt, og etterspurnaden har vore rekordstor. I mange regionar var midlane i realiteten disponert med søknader som var mottatt sein vår/tidleg sommar, og alle kontora la i løpet av sommaren og hausten ut melding på heimesida at midlane var disponert, og at det ikkje kunne gjevast nye tilsegn før i 2021.

Nytt frå 2020 er at deler av IBU-midlane er øymerka prosjekt og investeringar innan frukt og grønt som nasjonal ramme. Resterande midlar er fordelt pr. fylke etter ein fordelingsnøkkel fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Ramma for IBU-tilskotta i Oppdragsbrev 2020 var på 587 mill. kroner, her av 74 mill. kroner øymerka frukt og grønt som nasjonal ramme.

Innovasjon Noreg har for å kunne samanlikne verkemiddelbruket over tid valt å halde på fordelinga av midlane på verkemiddelgruppene tradisjonelt jord- og hagebruk og andre landbruksbaserte næringar, sjølv om det ikkje lenger vert tildelt øymerka rammer til desse gruppene. Den fylkesvise fordelinga av løyvinga ekskl. tapsavsetjing til risikolån er:

Fylke	Tradisjonelt jord- og hagebruk	Øymerka frukt og grønt	Andre landbruksbaserte næringar	Sum
Viken og Oslo	57 680 668	11 357 500	17 962 500	87 000 668
Innlandet	80 807 317	3 941 500	21 154 340	105 903 157
Vestfold og Telemark	28 322 300	16 465 500	4 583 500	49 371 300
Agder	24 933 000	2 708 000	7 742 500	35 383 500
Rogaland	36 225 000	11 480 000	8 520 000	56 225 000
Vestland	71 448 000	17 847 000	6 756 500	96 051 500
Møre og Romsdal	36 324 000	2 645 000	2 875 000	41 844 000
Trøndelag	68 472 000	6 238 000	8 767 250	83 477 250
Nordland	31 275 400	626 500	9 714 150	41 616 050
Troms og Finnmark	37 445 104	0	10 088 000	47 533 104
Sum	472 932 789	73 309 000	98 163 740	644 405 529

Tapsavsetjing til risikolån utgjer vel 3,9 millionar kroner og kjem i tillegg.

Andre landbruksbaserte næringar utgjer omlag 15 prosent av løyvingane, dette er 1 % lågare enn dei siste 2 åra og meir på linje med 2017. Det er betydeleg variasjon mellom fylka, dette er meir eit resultat av pågang av søknader enn manglande prioritering.

Tilskotta til tradisjonelt landbruk og øymerka frukt og grønt har utløyst investeringar for omlag 2,2 mill. kroner, eller om lag 1,65 milliardar kroner i annan kapital.

Tall søknader, innvilga og avslag

Det totale talet søknader i 2020 var på 1 147.

Innvilga og avslåtte søknader siste 10 år.

År	Totalt tal søknader	Innvilga søknader, tal	Avslag tal	Avslag %	Tal klagesaker	Tal klagesaker medhald
2011	1 450	1 351	99	7		
2012	1 459	1 348	111	8		
2013	1 503	1 414	89	6	17	1
2014	1 403	1 308	95	7	21	0
2015	1 248	1 127	121	10	28	2
2016	1 242	1 060	182	15	28	0
2017	1 430	1 212	218	15	22	0
2018	1 205	1 091	114	9	25	1
2019	1 084	1 012	73	7	17	1
2020	1 147	1 052	95	8	13	2

Talet på innvilga søknader reflekterer disponibel ramme. På grunn av disponerte rammer var det i fleire fylke i praksis søknadstopp siste halvår av 2020.

Det er klagerett på søknader om Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket. Klagar vert først handsama av det kontoret som fatta vedtak. Dersom kontoret fastheld vedtaket, går klagen vidare til klagenemnda. Klagenemnda er samansett av 3 medlemmer frå styret i Innovasjon Noreg (derav leiar) og 1 medlem oppnemnt av kvar av organisasjonane Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Tala i kolonnane til høgre viser kor mange saker som vart handsama i klagenemnda og kor mange som fekk medhald.


Avslagsprosenten i 2020 for landet totalt er på 8 prosent. I 2020 handsama klagenemnda 13 klager. Av desse var 10 innan tradisjonelt jord- og hagebruk og 3 innan andre landbruksbaserte næringar. To av klagesakene fekk medhald i 2020, begge innan tradisjonelt landbruk der den eine var i samband med tilskott til mindre investeringar ved generasjonsskifte.

At det berre er gjeve medhald i 7 av 171 klager siste 8 år, viser at dei aller fleste vedtaka det er klaga over etter vurdering til klagenemnda er fatta i samsvar med gjeldande styringsdokument og med rimeleg utøving av skjønn.

Klagenemnda synest likevel fleire av sakene har vore vanskeleg, og at det i fleire saker er gjort ei prioritering som er strengare enn klagenemnda i utgangspunktet hadde sett ynskjeleg. Dette medfører at gode prosjekt i fylke med høgast etterspurnad ikkje får finansiering. Klagenemnda konstaterer at både ramme og fordeling for IBU-midlane gjev stor skilnad mellom fylka etter kor hardt dei må prioritere blant investeringsprosjekta.

Tidlegare regionale reglar for støtteutmåling er oppheva, og støtteutmålinga skal vurderast individuelt ut frå at støtta skal vera utløysande og avlaste risiko.

Det er berre Finnmark og Troms som utnyttar reglane for utmåling av tilskott tilnærma fullt ut, medan tilskott til investeringsprosjekt innan tradisjonelt landbruk i Viken, Innlandet og Trøndelag ligg i ligg i intervallet 20 - 25 prosent av kostnadsoverslaget og i Rogaland på ca. 18 prosent. At støtteutmålinga gjennomgåande er høgare i regionar med den lågaste utmålinga 2019 skuldast i betydeleg grad det ekstra tilskottet for å bygge i tre. Av same grunn er støtteutmålinga i Troms og Finnmark over 35 prosent, samt at i Troms og Finnmark gjeld heller ikkje den maksimale grensa på 2 mill. kroner for investeringsprosjekt. For mange investeringsprosjekt i andre fylke medfører denne avgrensinga lågare prosentdel støtte.



RESULTATMÅL

Landbruks- og matdepartementet utarbeida for fleire år sidan resultatmål og -indikatorar som skulle belyse kor vidt ein oppnår målsettingane med BU-midlane.

Desse er vidareført for IBU-midlane

Resultatmål 1 – Sikre/auke sysselsettinga, særleg for kvinner

Bidra til å sikre/auke sysselsettinga i bygdene, særleg for kvinner

Resultatindikatorar:

- Forventa auka sysselsetting etter investeringstiltak utanom tradisjonelt jord-, hage- og skogbruk. Oppgitt i tal årsverk og spesifisert i tal årsverk for kvinner
- Totalt tal tiltak og støttebeløp pr. tiltak, spesifisert med omsyn til kjønn
- Totalt tal etablerartilskott og her av tal etablerartilskott for kvinner og ungdom

Forventa auka sysselsetting

Det er eit sentralt mål at IBU-midlane skal føre til fleire lønnsame arbeidsplassar innan og i tilknytning til landbruket. Auken i sysselsettinga er målt ut frå forventa auke i tal årsverk frå *søkjaren*

Den vert berre rekna forventa vekst i sysselsetting for ordningane *etablerartilskott, bedriftsutvikling og investering i* andre landbruksbaserte næringar sidan det er ei målsetting å auke sysselsettinga for andre landbruksbaserte næringar. Ein stor del av IBU-midlane som vert brukt på investeringar innan tradisjonelt landbruk bidreg i tillegg til å auke matproduksjonen også til å effektivisere den tradisjonelle landbruksdrifta.

Forventa auka sysselsetting innan andre landbruksbaserte næringar og støttebeløp pr. årsverk i 2020. Tilskott til andre landbruksbaserte næringar eks. etablerartilskott fase 1. Beløp i mill. kroner.

År	Sysselsettings- effekt, årsverk	Her av kvinner, Årsverk	Innvilga tilskott	Tilskott pr. årsverk	Innvilga tilskott, kvinner	Tilskott pr. årsverk, kvinner
2020	288	163	98,2	0,341	73,2	0,449
2019	381	207	93,8	0,246	62,9	0,304

Til saman forventar *søkjjarane* ein vekst i sysselsettinga på 288 årsverk, dette er klart mindre enn i 2019.

Hovudgrunnen til reduksjonen synest vera at vurderingane er meir nøkterne med omsyn til å skape auka sysselsetting, og i større grad er innretta mot å vidareutvikle og sikre eksisterande sysselsetting enn å skape ny sysselsetting. Kundeeffektundersøkinga av verksemdar som fekk støtte i 2016 stadfestar at effekten har vore vel så mykje å sikre sysselsetjing som å skape ny sysselsetjing.

I tillegg til den direkte sysselsettingseffekten, vil desse tiltaka saman med andre IBU-tiltak ha ein indirekte sysselsettingseffekt. Ringverknader som auka aktivitet lokalt er også av betydning og har direkte innverknad på den distriktpolitiske målsettinga om å oppretthalde busetjing i distrikta.

Gjennomsnittleg støtte pr. nytt årsverk for dei samla tildelingane har auka sidan ein større del går til å sikre sysselsetting enn å skape nye årsverk.

Tal løyvingar og støttenivå pr. løyving

Det vart i 2020 løyvd knapt 100 mill. kroner i tilskott til andre landbruksbaserte næringar. Dette er ein liten reduksjon frå 2019, og løyvingane utgjer vel 15 prosent av dei samla løyvingane.

Løyving til andre landbruksbaserte næringar

(Beløp i mill. kr)

År	Tal løyvingar	Sum løyving	Tal løyvingar kvinner	Sum løyving kvinner
2020	295	98,2	220	73,2
2019	399	100,9	278	69,0

Kvinnerretta tiltak er definert som tiltak som primært har kvinner som målgruppe, gir sysselsetting hovudsakeleg for kvinner eller har kvinnelege søkjarar. Både delen av talet på løyvingar og delen av tilsagna til kvinner har auka frå 70 % i 2019 til 75 % i 2020, og er no tilbake på same nivå som i 2018. Det er vanskeleg å forklare endringane med anna enn tilfeldige svingingar, samt at evt. prioritering av kvinner som målgruppe har vore eit viktig kriterium i ein situasjon med rekordhøg etterspurnad etter midlane.

Løyving til tradisjonelt jord-, hage- og skogbruk, inkl. øymerkingar frukt og grønt

(Beløp i mill. kr)

År	Tal løyvingar	Sum løyving	Tal løyvingar kvinner	Sum løyving kvinner
2020	757	546,2	350	272,3
2019	760	536,8	318	249,8


Det blei i 2020 innvilga 546,2 mill. kroner i tilskott til investeringar innan tradisjonelt landbruk, ein auke på knapt 10 mill. kroner frå 2019. Tilskott til tradisjonelt jord- og hagebruk utgjorde 85 prosent av totalt innvilga IBU-tilskott, det er opp 1 prosent frå 2019.

Delen av talet på løyvingar til kvinneretta tiltak innan tradisjonelt jord- og hagebruk var i 2020 på 46 prosent mot 42 prosent i 2019. Delen av løyvd tilskott til kvinner var 50 prosent, opp frå 47 prosent i 2019.

Gjennomsnittleg tilskott pr. løyving i 2020 var knapt 722 000 kroner, opp vel 15 000 kroner frå 2019. Ved sidan av at gjennomsnittleg kostnadsoverslag har auka noko, er det ekstra tretilskottet sterkt medverkande til auken.

Gjennomsnittleg støtte til investeringsprosjekt innan mjølkeproduksjon auka frå 21 prosent i 2019 til knapt 25 prosent i 2020. Tilsvarande har støtta til prosjekt innan storfekjøtt auka frå 23 prosent i 2019 til i underkant av 28 prosent i 2020. For sauehald er auken på over 30 prosent, men dette skuldast at det i 2019 berre var høve til å gje støtte over ordninga med tilskott til mindre investeringar ved generasjonsskifte.

Gjennomsnittleg kostnadsoverslag for investeringsprosjekt, øymerka grøntmidlar og generasjonsskifte



Generelt om kvinnetiltak

Kvinnedelen for IBU-midlane er generelt høg, særleg for andre landbruksbaserte næringar, forklaringar på det kan vere:

- Medviten satsing på kvinnetiltak.
- Informasjons- og mobiliseringsarbeid.
- Prioritering av kvinner som målgruppe.

Etablerartilskott (Beløp i mill. kr)

År	Tal løyvingar	Sum løyving	Tal løyvingar kvinner	Sum løyving kvinner
2020	105	15,5	92	12,7
2019	137	17,9	105	13,4

Det kan gjevast etablerartilskott i 2 fasar; ideavklaring/marknadsavklaring og etablering/kommersialisering.

Det vart i 2020 innvilga 105 etablerartilskott der 92 tilskott (88 prosent) gjekk til kvinner. Den totale løyvinga utgjorde 15,5 mill. kroner der 12,7 mill. kroner (82 prosent) gjekk til kvinnelege etablerarar. Tilsvarande tal for 2019 var 77 prosent for tal tiltak og 75 prosent for sum løyving, dvs. ein større del både av tal tiltak og kroner har i 2020 gått til kvinner. Dette må sjåast i samanheng med at det er forholdsvis små beløp, og at kvinnedelen for desse tilsagna har vore mellom dei aller høgaste av tenestene i Innovasjon Noreg.

Talet på etablerartilskott vart redusert med 32 frå 2019. 2019 vart eit ekstraordinært år med omsyn til tal etablerartilskott, og talet er no tilbake på 2018 nivå. Tilsvarande er tilsagna redusert med 2,4 mill. kroner totalt og kvinneretta tilskott med 0,7 mill. kroner.

64 av tilsagna og 6,6 mill. kroner gjeld ideavklaring/marknadsavklaring, medan 41 tilsegn og 8,9 mill. kroner gjeld etablering/kommersialisering.

Støtte til ulike aldersgrupper

I tabellen nedanfor er personar som har mottatt IBU-midlar frå Innovasjon Noreg i 2020 gruppert i ulike aldersgrupper basert på fødselsnummer:

År	Tilskott. Sum i mill. kr			
	Løyving totalt	Aldersgruppe < 35 år	Del < 35 år	Del 35 - 50 år
2020	504,2	159,3	32 %	43 %
2019	533,1	152,8	29 %	48 %

Løyvd tilskott til kundar med personnummer står for 504,2 mill. kroner av totalt 644,5 mill. kroner.

Delen av løyvinga til aldersgruppa inntil 35 år har auka frå 29 prosent til 32 prosent, og er no tilbake på nivå med 2018. Ved sidan av noko variasjon frå år til år, synest også ei forklaring å kunna vera at med så stor pågang etter midlar som ein opplevde i 2020, så vert evt. prioritering av ungdom eit viktigare kriterium.

Aldersgruppa 35-50 år er framleis dominerande med 43 prosent, ned frå 48 prosent i 2019. Ei viktig forklaring er at ein stor del av midlane går til investeringar innan tradisjonelt jord- og hagebruk der søkjar ofte er eldre enn 35 år. Delen av IBU-midlar til investeringar i tradisjonelt landbruk er omlag 85 prosent, omlag det same som i 2019.

[Aldersgrupperinga til Statistisk Sentralbyrå](#) viser at 17 prosent av bøndene er under 40 år og 23 prosent er mellom 40 og 49 år. Gjennomsnittsalderen for bøndene er 53 år.

Når 32 prosent av tilskottet går til aldersgruppa under 35 år viser det at denne aldersgruppa får ein relativt større del av midlane frå Innovasjon Noreg. 75 prosent av tilskotta har gått til personar <50 år, denne aldersgruppa utgjør 40 prosent av bøndene.

Resultatmål 2 – Bidra til nyskaping, marknadsorientering og synergjar

Bidra til nyskaping, marknadsorientering og utnytting av synergjar i verdikjedene

Resultatindikator:

- Investeringstiltak utanom tradisjonelt jord-, hage- og skogbruk fordelt på næring

Næringsfordeling av andre landbruksbaserte næringer

Det er i 2020 løyvd 98,2 mill. kroner i IBU-tilskott til andre landbruksbaserte næringer, dette er omlag det same som året før. Tabellen nedanfor viser nokre av næringsgruppene som har mottatt mest støtte i 2020. Beløp i mill. kroner.

Bransje	2020		2019	
	Tilskott	Del av total løyving til andre landbruksbaserte næringer	Tilskott	Del av total løyving til andre landbruksbaserte næringer
Jordbruk og tilknytte tenester	11,7	12 %	36,3	36 %
Skogbruk, utmark, innlandsfisk og tilknytte tenester	4,0	4 %	3,5	3 %
Produksjon av næringsmidlar og drikkevarer	38,8	40 %	25,8	25 %
Handel med næringsmidlar og drikkevarer	2,5	3 %	2,7	3 %
Produksjon av tekstilar, trelast og andre varer	6,8	7 %	1,9	2 %
Hotell og restaurantverksemd	14,0	14 %	9,4	9 %
Undervisning, helse og sosialtenester	8,9	9 %	2,6	3 %
Aktivitets- og opplevingstilbod	10,2	10 %	7,6	8 %
Andre	1,3	1 %	11,1	11 %
Sum	98,2	100 %	100,9	100 %

Næringsgrupperinga gjeld *prosjektet* og ikkje den nødvendigvis næringskoden som føretaket er registrert med. Næringskoden for prosjektet vert derfor fastsett i kvart enkelt tilfelle. Det kan vera vanskeleg å definere om t.d. ein ny biologisk produksjon er «tradisjonelt landbruk» eller «andre landbruksbaserte». Det same gjeld om eit tiltak på ein gard som driv med sau og Inn på tunet er tradisjonelt landbruk eller t.d. helse- og sosialtenester.

I 2020 har vi hatt eit særskilt fokus på dette, og endring i forhold til 2019 skuldast i vesentleg grad at næringskoden er endra frå næringskodar for tradisjonelle produksjonar til næringskodar for andre landbruksbaserte næringer i slike tilfelle som nemnt ovanfor.

Produksjon av lokalmat og drikke utgjer framleis den største delen, etterfølgt av overnatting/servering og aktivitets- og opplevingstilbod. For Inn på tunet er det ein markert auke som i det alt vesentlege skuldast ovannemnde om kva næringskode som vert sett på prosjektet.

Resultatmål 3 – Bidra til effektivisering av det tradisjonelle landbruket

Bidra til effektivisering i tradisjonelt landbruk og resultatforbedring i primærleddet

Resultatindikatorar:

- Tal løyvingar som bidreg til effektivisering og resultatforbedring i primærleddet, her under tal prosjekt til investeringar i tradisjonelt husdyrhold med auka produksjon av totaltalet på slike prosjekt.

Registreringa i forhold til tradisjonelt husdyrhold er inndelt i følgjande kategoriar:

1. Mjølkeproduksjon (tal årskyr)
2. Mjølkeproduksjon (tal årsgeiter)
3. Storfekjøtt (tal slakt/år)
4. Sauehold (tal vinterfôra)
5. Smågrisproduksjon (tal årspurker)
6. Slaktegrisproduksjon (tal stk./år)
7. Eggproduksjon (tal høner pr. innsett)
8. Slaktekylling (tal pr. år)
9. Kombinert svinehold (tal avlspurker pr. år)
10. Andre husdyr (tal)

Løyvingar til tradisjonelle landbruksproduksjonar

Husdyrproduksjon

Tabellen nedanfor viser løyvingane av IBU-tilskott i 2020 til ulike husdyrproduksjonar, del av innvilga søknader med produksjonsauke og samla produksjonsauke.

Innvilga beløp i mill. kroner.

Hovudproduksjon	Innvilga 2020		Prosjekt med produksjonsauke		Endring produksjon
	Tal prosjekt	Løyving Mill kr.	Tal prosjekt	Del av tal prosjekt i %	
Mjølkeproduksjon (ku)	251	261,7	145	58	1 507
Mjølkeproduksjon (geit)	8	7,4	4	50	120
Storfekjøtt (slakt pr. år)	110	84,9	76	69	1 190
Sauehald	59	32,3	42	71	1 841
Smågrisproduksjon	1	0,2	-	-	-
Slaktegris	-	-	-	-	-
Kombinert svinehald	8	3,1	-	-	-
Eggproduksjon	15	4,4	2	13	3 300
Slaktekylling	2	1,2			
Andre husdyr	4	7,6	4	100	23 904
Totalt	458	402,8	273	60	

I 2020 er det gjeve støtte til 458 investeringar innan tradisjonelt husdyrhold, ein reduksjon på ca. 20 prosjekt frå 2019. Nedgangen skuldast i det vesentlege øyremarka midlar til frukt og grønt og ekstra tilskott til bruk av tre som går av same ramme.

Talet på prosjekt innan mjølkeproduksjon er redusert med 24 i høve til 2019, løyvingane til mjølkeproduksjon er også er redusert med i overkant av 20 mill. kroner. Reduksjonen kan tilskrivast reduksjon i dei frie rammene.

Tal prosjekt innan storfekjøtt er redusert med vel 20, medan løyvinga er redusert med om lag 15 mill. kroner. Planlagt utviding av produksjonen er på knapt 1 200 slakt i året, det er meir enn ei halvering frå 2019 og endå større i forhold til tidlegare år. Reduksjonen skuldast mellom anna at fleire partnerskap ikkje prioriterer utviding og etablering av storfekjøttproduksjon i kornområde.

Flest storfeprosjekt er det i Innlandet og Trøndelag med 18 og 19 prosjekt og utviding med til saman 427 slakt pr år. Marknadsforholda har vore spesielle både i 2020 og innover i 2021. Marknadsregulator Nortura finn det i siste [prognoserapport](#) (januar 2021) vanskeleg talfeste behovet, men seier samstundes at det kan vere rom for ein forsiktig auke i produksjonen.

Innan sauehald vart det vorte opna opp for å støtte ordinære prosjekt etter at avtalepartane oppheva ordninga frå 2019 då det berre kunne gjevast støtte til mindre investeringar ved generasjonsskifte som ikkje medførte auka produksjon. Talet på prosjekt og løyvingar har følgjeleg auka frå 2019, men er likevel langt mindre enn åra før 2019 både med omsyn til tal prosjekt, løyvingar og ny produksjonskapasitet.


Prosjektet som inneber auke i konsumeggproduksjon gjeld omlegging frå (miljø)bur til frittgåande høner i tråd med krav frå marknaden. I samsvar med marknadsregulator har ein i desse tilfella opna opp for å kunna støtte produksjonsauke opp til konsesjonsgrense då dette betyr lite for den totale marknaden.

Innan «andre husdyr» inngår prosjekt med kalkun og ammegeit.

Driftsomfang før og etter utbygging

For mjølkeproduksjon viser både gjennomsnittleg buskap før og etter utbygging ein nedgang frå 2019. At planlagt auke har hatt ein nedgåande tendens dei siste åra heng truleg saman med høge prisar på kjøp eller leige av mjølkekvote og tilgjengelege arealressursar som høver for bruka.


Produksjonsauken innan mjølkeproduksjon skriv seg frå gjennomførte og planlagde kvotekjøp eller -leige på enkelte bruk, og ikkje for marknaden som heilskap som er regulert av kvoteordninga for mjølk.




Auke i buskap gjev betre grunnlag for å ta i bruk ny og effektiv teknologi som bl.a. automatiserte mjølking- og føringsanlegg, som ein veit frå tidlegare undersøkingar vert sett på som viktig med omsyn til fleksibilitet og arbeidstid.

Frå 2019 har det vore ei føring om å prioritere mjølkebruk med mellom 15 og 30 kyr.

Før utbygging




Etter utbygging




Figurane over viser talet på prosjekt innan mjølkeproduksjon fordelt på ulike grupper av storleikar. Den særskilt prioriterte gruppa på 15 – 30 kyr har utgjort mellom 50 og 60 prosent før utbygging dei siste 5 åra, medan den har auka frå omlag 25 prosent til 43 prosent i same perioden.

For storfekjøttproduksjon er buskapen før utbygging stabil på kring 25 slakt pr. år, medan planlagt buskap held fram reduksjonen og er no på i overkant av 35 slakt pr år. Dette heng klart saman med at partnerskapa ikkje har prioritert utvidingar i same grad som tidlegare sidan det har vore prognosar om at produksjonen har vore i ferd med å nærme seg marknadsballanse.



For sau ser ein at auke i produksjonen har auka noko att etter avgrensingane som gjaldt i 2019, men auken er på langt nær så stor som den var i åra før 2019. Det skuldast prioriteringar i partnerskapane og marknadssituasjonen.



Planteproduksjon

Tabellen nedanfor viser løyvingane av IBU-tilskott i 2020 til ulike planteproduksjonar. Tala inkluderer dei øyremerka midlane til frukt og grønt.

Innvilga beløp i mill. kroner

Hovudproduksjon	2020		2019	
	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott
Korn	74	45,1	61	33,3
Grønsaker, rot- og knollvekstar	81	43,4	22	18,0
Kjernefrukt og steinfrukt	92	32,1	87	23,9
Anna frukt/bær			5	1,5
Andre	52	22,8	12	4,4
Totalt	299	143,4	187	81,1

Både talet på prosjekt og løyvingar av IBU-midlar til planteproduksjon er vesentleg høgare i 2020 enn i 2019. Dette skuldast både øyremerkinga av midlar til grøntnæringa og føringar om å prioritere korntørker med dei fylkesvise midlane

Viken har desidert flest korntørker med 40 prosjekt, Vestfold og Telemark har 16 medan Rogaland, Innlandet og Trøndelag alle har mellom 1 og 9 prosjekt kvar.

Det er innvilga 20,9 mill. kroner i tilskott til 36 lager for potet, flest i Rogaland med 7 lager, medan det er 5-6 lager både i Innlandet, Oslo og Viken, Vestfold og Trøndelag.

Vestfold og Telemark har flest lager til frukt, bær og grønsaker med 5 lager og knapt 4 mill. kroner i tilskott, medan det på landsbasis er 20 lager og 17,8 mill. kroner.

Vestland dominerer med 52 av totalt 88 plantasjar til frukt og bær, og med 14,5 mill. kroner av den samla løyvinga på 30,3 mill. kroner til plantasjar.

Småskala grønt

Det er innvilga totalt 8,2 mill. kroner til 51 prosjekt. Flest prosjekt er det i Vestfold og Telemark med 8 prosjekt, medan det i Rogaland, Vestland og Agder er 7 prosjekt i kvart fylke. Flest prosjekt er det innan «grønsaker, melon, rot og knollvekstar» med 23 prosjekt og 3 mill. kroner. Prosjekta er i stor grad


kjenneteikna ved at dei inneheld både fysiske investeringar og mjuke investeringar knytt til kompetanse, marknad og produkt. 10 av prosjekta gjeld marknadshagar.

Ekstra tilskott for bygg i tre

Det er ei generell føring om å prioritere energi- og klimaeffektive løysingar. Med bakgrunn i dette, vart det frå 2020 innført ei ordning der det er mogleg å premiere investeringsprosjekt innan tradisjonelt landbruk som vel tre som byggjemateriale.

Det vart innvilga ekstra tilskott til 142 prosjekt med til saman 33,7 mill. kroner. Naturleg nok er bruken av ordninga størst i fylka med dei største rammene, det vil seie Innlandet, Trøndelag og Vestland. Prosjekt innan mjølkeproduksjon, storfekjøttproduksjon og sauehald står for 80 prosent av prosjekta og 85 prosent av løyvinga. Innan storfekjøttproduksjon kvalifiserer 33 prosent av prosjekta til ekstra klima- og miljøstøtte, medan tilsvarende tall for mjølkeproduksjon og sauehald er høvesvis 25 og 23 prosent.

Fylkesvis fordeling av investeringsprosjekt (ekskl. øymerka midlar frukt og grønt)



Som tidlegare nemnt, så utgjer prosjekt innan planteproduksjon ein større del av løyvingane og husdyrprosjekt ein mindre del enn i 2019 for den *totale* bruken av IBU-midlane, dvs. inkl. dei øymerka midlane til frukt og grønt. I figuren ovanfor inngår berre dei fylkesvise midlane, og her utgjer prosjekt innan sauehald ein noko større del i 2020 sidan avgrensingane frå 2019 er oppheva.

Plantasjar innan frukt og bær går inn under kategorien «annet».

Prosjekt med miljøeffekt og prosjekt innan økologisk landbruk

260 mill. kroner av tilsagna til tradisjonelt landbruk har miljøeffekt. Det er ein nedgang på 40 mill. kroner frå 2019, som var eit år med høgare del enn tidlegare år. Med miljøeffekt meiner ein t.d. at prosjektet fører til mindre utslepp av klimagassar, reduserte utslepp til vatn, energieffektivisering og betre utnytting av avfall, restråstoff og biologiske ressursar. Reduksjonen må sjåast i samanheng med auken av investeringar innan frukt- og grøntnæringane der miljøeffekten ikkje er like tydeleg som ved oppgradering av produksjonsanlegg for husdyr.

Tilskott til økologisk landbruk er redusert frå 4 prosent i 2019 til 2 prosent av tilskott til tradisjonelt landbruk. Dette er ei halvering frå 2019, og speglar den faktiske interessa for investeringar innan økologisk landbruk sidan fylkesstrategiar gjennomgåande gjev prioritet til prosjekt innan økologisk landbruk.

Løyving/ Kjenneteikn/år	Totalt	Miljø	% miljø	Økologisk	% økologisk
2020	546,2	260,4	48 %	11,1	2 %
2019	532,6	299,6	56 %	19,7	4 %

Resultatmål 4 – Bidra til sysselsetting i næringsvake område

Bidra til sysselsetting i distrikt med særlege sysselsettingsvanskar eller svakt utbygd næringsgrunnlag

Resultatindikatorar:

- Del støtte til kommunar som fell innanfor det distriktpolitiske verkeområdet av løyvingar totalt.
- Del støtte til andre landbruksbaserte næringar og tradisjonelt jord- og hagebruk i kommunar som fell innanfor det distriktpolitiske verkeområdet samanlikna med støtte totalt.

Den distriktpolitiske vinklinga er målt ved å registrere kor stor del av innvilga beløp som er lokalisert innanfor det distriktpolitiske verkeområdet (DPV).

Beløp i mill. kroner

	2020			2019		
	Totalt	DPV kommunar	% DPV kommunar	Totalt	DPV kommunar	% DPV kommunar
Tradisjonelt jord- og hagebruk	546,2	335,6	61 %	536,8	359,9	67 %
Andre landbruksbaserte næringar	98,2	61,0	62 %	100,9	52,2	52 %
Totalt	644,5	396,5	62 %	637,8	412,1	65 %

Av den totale løyvinga på kr 644,5 mill. kroner har 396,5 mill. kroner (62 prosent) gått til kommunar innan DPV-området. Det er ein reduksjon frå 65 % i 2019 som i sin heilskap skuldast tradisjonelt landbruk, og då særleg dei øyremerka midlane til frukt og grønt. For dei fylkesvise midlane er delen innan DPV 64 %, medan tilsvarande for dei øyremerka til frukt og grønt midlane med nasjonal ramme berre er 43 %.

Naturleg nok varierer delen til det distriktpolitiske verkeområdet fylka imellom avhengig av kor stor del av kommunane som inngår i verkeområdet. Generelt viser fordelinga at prosjekt innanfor det distriktpolitiske verkeområdet vert prioritert.

TILTAKSGRUPPER

Tiltaksgrupper i statistikksystemet til Innovasjon Noreg

IBU-midlane vert gruppert i følgjande tiltaksgrupper:

- Etablerartilskott (utviklingsfase og etableringsfase)
- Bedriftsutvikling
- Investeringar innan andre landbruksbaserte næringar
- Investeringar innan tradisjonelt jord- og hagebruk
- Tilskott til generasjonsskifte, andre landbruksbaserte næringar
- Tilskott til generasjonsskifte, tradisjonelt jord- og hagebruk

Tabellen viser innvilga støtte innanfor de ulike tiltaksgruppene i 2020. Beløp i mill. kr.

Tiltaksgruppe	2020		2019	
	Tilskott	Tilskott – kvinner	Tilskott	Tilskott - kvinner
Etablerartilskott	15,5	12,7 (82 %)	17,9	13,4 (75 %)
Bedriftsutvikling	7,4	5,0 (68 %)	22,4	14,2 (63 %)
Investeringar andre landbruksbaserte næringar	70,3	51,5 (73 %)	56,5	38,1 (67 %)
Tilskott til generasjonsskifte andre landbruksbaserte næringar	5,0	4,0 (80 %)	4,1	3,3 (80 %)
Investeringar tradisjonelt jord- og hagebruk	413,1	199,5 (48 %)	480,9	216,6 (45 %)
Tilskott til generasjonsskifte tradisjonelt landbruk	56,3	36,5 (65 %)	51,1	31,9 (62 %)
Tilskott til gjødsellager	3,5	0,4 (11 %)	4,9	1,3 (27 %)
Øyremerking frukt og grønt	73,9	35,9 (49 %)	-	-
Totalt, ekskl. tapsavsetjing risikolån	644,4	345,5 (54 %)	637,8	318,8 (50 %)

Delen til kvinnetiltak totalt har auka frå 50 % til 54 % frå 2019 til 2020. Kvinnedelen er gjennomgåande høgast for andre landbruksbaserte næringa med heile 82 prosent for etablerartilskott og 80 % tilskott ved generasjonsskifte, men også for investeringar innan tradisjonelt landbruk nærmar kvinnedelen seg 50 %. Ved sidan av årlege svingingar, synst ei forklaring å kunna vera at med så stor pågang etter midlar som ein opplevde i 2020, så vert evt. prioritering av kvinner eit viktigare kriterium.

Risikolån landbruk

Lånekapitalen for risikolån landbruk vert henta frå risikolåneordninga frå Nærings- og fiskeridepartementet, medan avsetjing til tapsfond skjer frå midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket. I 2020 kunne Innovasjon Noreg løyve inntil 100 mill. kroner med tapsavsetjing frå IBU-midlane.

Totalt er det i 2020 innvilga 29 risikolån med ei samla løyving på 26,1 mill. Av dei 16 låna til tradisjonelt landbruk er 10 lån og 9 mill. kroner til investeringsprosjekt innan mjølkeproduksjon.

Samla tapsavsetjing frå IBU-midlane er 3 913 950 kroner.

	Tal lån	Samla lån	Tradisjonelt landbruk		Andre landbruksbaserte næringar	
			Tal lån	Samla lån	Tal lån	Samla lån
2020	29	26,1	16	15,4 mill.	13	10,7 mill.
2019	24	27,3	17	20,7 mill.	7	6,6 mill.

Det samla omfanget har vore stabilt over fleire år, men andre landbrukstilknytt næringar utgjer ein større del enn tidlegare. Det er for tidleg å slå fast om dette er tilfeldig eller ei utvikling.

For 2020 er tapsavsetjinga 15 prosent av kalkulert risiko.

Rapportering av utbetaling og ansvar

Ein viser til rapporten for Landbrukets Utviklingsfond.